

# miljøanalyser

Heim    Prosjekt    Rapportar    Nytt    Om oss

## Tenester

Vassdragsundersøkingar  
 Biologisk mangfald  
 MOM-undersøkingar  
 Miljøovervaking  
 Vassanalyser  
 Utreiingar

## Ressurser

Prosjekt  
 Rapportar  
 Raudlista

## Ny registrering av elveperlemusling



Foto: Gern Frode Latigelo

## Sa

Bior  
 Hydi  
 NTN

## Le

Dire  
 natu  
 Fisk  
 Milje  
 Stat  
 Nor  
 elek  
 Arts  
 Milje

Miljøanalyser fann i juni 2007 ein hittil uregistrert populasjon av elveperlemusling (*Margaritifera margaritifera*). Lokaliteten ligg på Tustna i Aure kommune.

Elveperlemusling er ein ferskvannsmusling som lever i elver og bekker langs heile norskekysten. Muslingen kan bli frå 150 til 250 år gamal. Individet på biletet er ca 12 cm lang, og er eit omlag fullvakse individ. Muslingen er avhengig av ørret og/eller laks for å overleve. Larvane frå muslingen festar seg på gjellane til desse fiskane og lever nesten eit år der før dei slepp seg og grev seg ned i sanden på botn av elva.

Elveperlemuslingen har i lang tid vore i tilbakegang i Norge. Den er kategorisert på raudlista som sårbar, noko som betyr at det er 10% sjanse for at den er utrydda i løpet av 100 år om ikkje forholda betrar seg.

Bestanden av elvemusling i Linvågrelva har tidlegare vore kjend bl.a. av felebyggaren Johannes Berget. Av Arnstein Brevik frå Tustna har eg fått opplyst fylgjande:

*"Johannes Berget (1907 – 1974) frå Leira på Tustna var kjent som ein dyktig finsnikkar. Mellom anna laga han kyrkjeskipet som heng i Gullsteinskyrkja og gav det som gave til kyrkja i samband med 100-årsjubileet i 1969.*

*Han var òg spelemann og felebyggjar. Han bygde den første fela si i 14-årsalderen og den første hardingfela eit par år seinare. I alt laga han rundt 15 vanlege feler og fem hardingfeler.*

*I arbeidet med hardingfelene var han fleire gonger i Linvågrelva og henta elvemuslingar for å få tak i perlemor. Perlemoren vart innfelt som pynt både på lokket og gripebrettet på hardingfelene hans."*



fotograf: NN

Copyright 2007 Miljøanalyser